



Bokmelding

Kristen Sass Bak, under medvirken af Lene Halskov Hansen. *Ballader, skæmt og skillingstryk. Fortællinger om dansk sanghistorie fram til 1900*. Vitencenter for Song. Sangens Hus. 2021. 9788797188322

Angun Sønnesyn Olsen

Kirsten Sass Bak er songhistorikar og tidlegare lektor i musikk ved Aarhus Universitet. Ho har lang erfaring med studiar av folkeleg song, både i dansk og nordisk kontekst. I denne boka er det balladen og det ho omtalar som «nyare viser» det er mest fokus på. Sjølv om ho skriv om danske forhold så er boka også relevant for norske lesarar. Songhistoria til desse sjangrane i Noreg heng tett saman med den danske.

Sass Bak har tidlegare blant anna skrivt om folkeleg salmesong og (mel-lomalder)balladar, samt om «fællessang». Ho bygger på den lange erfaringa si i det ho formidlar her. «Fællessang» dominerte songpraksisen i Danmark frå tidleg 1800-talet til midten av 1900-talet, og ut i frå det Sass Bak skriv er det ein allmenn kjend songpraksis i Danmark. Dette kjem tydeleg fram i boka. I forordet introduserer ho emnet som «sangtraditioner i Danmark som ligger bagom- og uden om - den velkendte fællessang». Det er snakk om ein songpraksis som har føregått i same tidsrom som «fællessangen», men er av ein annan karakter. Songpraksisen ho her formidlar har vore meir individuell og solistisk. Denne samanlikninga mellom fellessongen og den solistiske songpraksisen ligg i grunn gjennom heile boka, og dei mange referansane til «højskolesangboken» skildrar ei kjent referanseramme for dei ho skriv for.

Forfatternen skriv i forordet at boka er ei formidling av ei rekke fagfolk si forskning, og samlar her for fyrste gong kjelder om dei forskjellige sjan-grane og songpraksisane i same bok. Boka er delt i fire delar, i varierende lengde. Den fyrste, og lengste, tar for seg «Balladen- den gamle folkevisa». Den andre delen, som er mykje kortare, presenterer skjemtevisa. Yngre viser blir diskutert i boka sin tredje del. Også den skriftlege spreinga av yngre viser og balladar gjennom skillingstrykk og visehandskrifter er inkludert her. Til slutt, i ein fjerde del, er det ein kort presentasjon av Kingosongen, ein dansk folkeleg salmetradisjon. Sass Bak skriv i forordet at eit slikt kapittel er det fyrste av sitt slag på dansk, og at det er eit emne som kan sjåast i samanheng med folkelege salmar frå andre nordiske land. I alle kapitla diskuterer forfattarane også dei musikalske aspekta, og viser til fleire eksempel undervegs. Dette viser at forfatternen legg vekt på balladen som song og ikkje som litterær tekst. Ho viser også til samanhengar mellom munnleg og skriftlege tradisjonar, og korleis songpraksisane bevegar seg mellom forskjellige klassar og tider, og korleis historiske hendingar og politiske strøymingar spelar inn.

Den fyrste delen, «Balladar- den gamle folkevisa», byrjar med å sette balladen inn i ei framføringskontekst. Sass Bak gjev ei kort innføring i forskjellane mellom songpraksisen ho her presenterer og felle songen. Med dette bakteppet fylgjer ei oversikt over karakteristiske trekk ved balladen slik som dei episke og lyriske trekka, samt bruk av formlar. Dette viser for det meste til tidlegare forskning, frå mellom andre Otto Holzapfel og Axel Olrik. Vidare diskuterer forfatternen overføring og det skapande i framføringskonteksten. Her kjem Sass Bak også inn på viktige aspekt ved visetype, melodype, versjon og variant. Til slutt viser forfatternen til dei skriftlege kjeldene balladematerialet, både tekst og melodi, er henta frå.

To av kapitla i den fyrste del av boka er skriva av folkloristen Lene Halskov Hansen. Hansen gir ei fin oversikt over diskusjonar rundt balladen sitt opphav og alder. Her får lesaren ei god innsikt i historia til den danske og den skandinaviske balladeforskinga, kva teoriar som har dominert feltet, kva teoriar som har blitt forkasta og kva teoriar som har vore gjeldande i seinare tid. I det andre kapitelet tek Halskov Hansen for seg spørsmålet om balladen har vore brukt til dans også i Danmark, eit spørsmål ho har forska

mykje på. Konklusjonen her er at kjeldene er uklare, men at dei viser at kjededans har hatt ein viss posisjon i Danmark, i alle fall i tida etter mellomalderen.

I dei neste kapitla diskuterer Sass Bak vidare innsamlinga av balladar i Danmark. Her gir ho også eit historisk bakteppe, som skildrar politiske strøymingar si påverknadar til innsamling og til rådande perspektiv. Ho skildrar vidare korleis forflytninga frå land til by førde til store forandringar for framføringspraksisen på starten av 1800-talet, og korleis dei på denne tida, då ein streba etter framskritt, brydde seg om dei gamle tradisjonane. Dette blir sett i eit internasjonalt perspektiv, der framveksten av nye nasjonalstatar i nord-vest Europa førde til ei folkeleg nasjonalkjensle også i land som Danmark som skulle byggast opp att på nye grunnlag. Forfattaren presenterer vidare dei store innsamlingane og utgjevarane på 1800-talet fram til tidleg 1900-tal: Nyerup, Grønland, Winding, Grundtvig, Tang Kristensen og Berggren. Mykje av den same diskusjonen rundt publikasjonar av folkeviser i Danmark finn ein også i Noreg. Særleg diskusjonen rundt korleis det skulle vera presentert musikalsk. Innsamling på lyd frå seinare på 1900-talet blir nemnd seinare i boka.

Kapittelet «Balladens musikalske univers» handlar om diskusjonen rundt det melodiske og om oppbygga av ballademelodiar. Her presenterer forfattaren teoriar og modeller for eldre tonalitet frå arbeidet til musikkforskar Finn Mathiassen og folkemusikkforskar Thorkild Knudsen. Denne delen er kanskje mest interessant for lesarar med kunnskap om tonalitet. Vidare fylgjer eit kapittel om dei forskjellige grupperingane av balladar ein finn i «Danmarks Gamle Folkeviser»: kjempeviser, trylleviser, historiske viser og riddarviser. Her er det også ei lengre analyse av korleis ei vise, «Moderen under mulde» (på norsk kjend som Den vonde sjukmora, TSB A 68), har forandra seg med tida, ved å fylgje ei rekke songarar, hovudsakleg kvinnelege, frå tidlege kjelder fram til lydopptak av Thorkild Knudsen og Carl Clausen frå midten av 1900-talet. Delen om balladane endar med ei kort presentasjon av redigering av balladetekstar for publikasjon, samt bruk av balladen i dansk kunst og litteratur.

Delen om skjemteviser skildrar sjangeren sine karakteristiske trekk og samlarar og forskarar sitt syn på sjangeren opp gjennom historia. Desse vi-

sene vart ikkje inkludert i 1800-tals trykte utgåver av folkeviser, sjølv om dei likna desse i forma. Dei få som vart inkludert var redigert slik at det var passande for publikum, med den tanke at desse høyrde til bondestanden og ikkje dei borgarlege. Sass Bak argumenterer her for at skjemtevisene har vore ein felles kultur. Skjemtevisene handlar om fleire sider ved dagleglivet, ofte om relasjonar mellom menn og kvinner, og kan bli kategorisert som satiriske, groteske, grove eller usedelege. Sass Bak føyer seg til tidlegare forskning når ho drar fram karnevalistiske trekk i desse visene. Grunna forma plasserer Sass Bak visene i alder med det ho kallar «alvorlege balladar», men skil seg frå desse i den episke oppbyggnaden og i mangelen på formelspråk. Dei fire eksempla ho gjev på slutten av denne delen er henta frå nyare lyd-innsamlingar. Den fyrste av desse er godt kjent i Norge; Kråkevisa. Eg vil her legge til at slik som eldre forskning, skil Sass Bak mellom balladen og skjemtevisa. Her fylgjer Sass Bak Sven Grundtvig si katalogisering, der «den gamle folkevisen» omhandlar det som var inkludert i «Danmarks gamle Folkeviser», og som her ofte er referert til som DgF-balladar. I seinare vitenskapleg arbeid har skjemtevisa, samt legendeballadane, kome med i balladesjangeren ved inkludering i balladekatalogar, slik som «The Types of Scandinavian Ballads» (TSB) frå 1978, samt også i seinare forskning og vitenskaplege balladeutgåver.

Den tredje delen av boka, om yngre viser, handlar om songar som ikkje høyrer til balladesjangeren, men som har solistisk framføringspraksis og som har vore del av den folkelege songtradisjonen sidan 1500-talet. Sass Bak presenterer viktige publikasjonar, og diskuterer korleis samlarane ikkje var einige i kva det var som skulle samlast og presenterast. Balladeforma vart favorisert både hjå litteraturforskarar og innsamlarar på 1800-talet. Ideen om balladane sin høge alder gav dei høg status. Dette kan ein også kan sjå i Norge. I Danmark har dette ført til at desse visene ikkje er så godt dokumentert, men dei var likevel populære hjå songarane sjølve. Framføringskonteksten for yngre viser og balladar har vore mykje det same, og dei yngre visene har også tilpassa seg ein meir urban kontekst. Forfattaren presenterer i dette kapittelet dei lyriske kjærleiksvisene, samt visene med meir skremmande innhald. Sass Bak skriv at grensa mellom balladetekstane og visetekstane ikkje er skarp, noko som blir illustrert ved at ho som eksempel

på yngre viser som er skumle, brukar balladen Edvard, kjend som riddarballaden Svend i Rosengård (TSB D 320) i norsk og svensk tradisjon.

Dei skriftlege kjeldene blir presentert i andre halvdel av delen om dei nyare visene. Fyrst går forfattarane igjennom skillingstrykk. Dei er presentert kronologisk og med historisk kontekst, og Sass Bak skildrar trykka si form, funksjon, bruk (og gjenbruk) av illustrasjonar, meloditilvisningar og måten visene har vandra mellom skriftleg og munnleg tradisjon. Ho presenterer kjende utgjevarar og diskuterer jungelen av meloditilvisningar, og kva dette kan sei om referanserammene til folk. Mykje av dette er basert på folkloristen Iørn Piø sine studiar. Delen om dei handskrivne visebøkene er særskilt interessant. Tidlegare i boka presenterer Sass Bak dei adelege sine handskrifter som kjelder til balladen. I denne delen er det dei «vanlege» menneske sine visebøker. Her diskuterer ho korleis visene er knytt til skrivaren, og ser samanheng mellom repertoaret, skrivaren si personlegheit og miljøet skrivaren var ein del av då boka var skrive. Ho undrar på om det visene representerer skrivaren sine yndlingsviser, om det er eit samleobjekt, om det har vore utveksling av songar i miljøet, og kva del av repertoaret skrivaren har vald å føre inn i boka. Forfattaren foreslår at ein her kjem tettare på songaren sin eigen smak. Kjeldene for denne delen er basert på eit førstelinjeregister laga i 1984 basert på 152 handskrivne visebøker.

Den siste delen av boka handlar om den folkelege samlesongen knytt til Thomas Kingo si salmebok frå 1699, her omtalt som folkeleg Kingosong. Sass Bak skildrar ein songtradisjon knytt til salmesongen som ein også finn i andre (europeiske) land, med andre musikalske stiltrekk enn den som er vanlegvis knytt til kyrkjeleg salmesong. Skildringa av den folkelege salmesongen liknar det ein ser også i norsk samanheng.

Balladar, skæmt og skillingstryk er ei omfattande og innhaldsrik bok. Sass Bak si lange erfaring i feltet skin igjennom teksten, og gjev innsikt og refleksjonar som gjev boka ei verdifull tyngde. Boka har ein undertittel som avgrensar emnet tidsmessig til 1900. Dette er ikkje heilt gjennomført i boka, noko som gjev ei litt uklår avgrensing. Forfattaren sitt føremål med boka er å gje danske lesarar ei innføring i den danske songpraksisen og referansane i teksten, særleg dei mange til «højskolesangbogen» vitnar om dette. Dette fører sjølvstakt til ei overvekt av danske forfattarar i den rike

litteraturlista, men likevel så saknar eg referansar til meir skandinavisk litteratur. Dette gjeld særleg i diskusjonen rundt balladane. Kanskje forfattaren kunne ha inkludert ein setning om katalogen over skandinaviske balladar når ho snakkar om type? Eller nyare skandinavisk forskning innan feltet? Dette kunne gitt teksten ein auka aktualitet, både for danske og internasjonale lesarar. Likevel, det danske fokuset er relevant for norske lesarar. Både balladetradisjonen og dei nyare visene er del av eit felles skandinavisk repertoar. Å lese om den danske songhistoria kan også hjelpe oss til å forstå vår eigen tradisjon og den songpraksisen som har vore her. Nokre gonger skulle eg gjerne sett at noko av materialet vart kommentert ytterlegare, men kanskje er det nettopp dette som gjer at eg som lesar sit att med fleire idear til vidare forskning.